

LINGDOM, BLI MED I FAGLEG 1.MAI-FRONT

I årevis la DNA beslag på 1.mai - arbeidarklassen sin i internasjonale kampdag. Partiet brukte dagen til å streke under at klassekampen var nedlagt frå deira sida , og at borgfreden med kapitalen var oppretta for godt. Arbeidarklassen har aldri hatt interesse av denne politikken , og naturleg nok slutta arbeidsfolk , skuleelevar og studentar å gå i 1.mai - tog.



Men DNA kan ikkje diktere oss lenger ! Dei siste åra har arbeidarar , skuleelevar , studentar og andre gått saman i KAMPTog 1.mai med krav fetta mot kapitalen, mot DNA/LO - leiinga , mot imperialismen og for sosialismen. Kamptoget i år heiter Fagleg 1.mai - front og vil ta opp i seg kampane folk har vore oppe i og krava me no stiller.

FAGLEG 1.MAI = FRONT er einaste alternativet for oss som vil kjempe vidare mot DNA-regjeringa sin arbeidar-

fiendtlege politikk , som vil forsvare streikeretten, styrke
kampkrafta til fagrørsla og kjempe mot all imperialisme -
mot begge supermaktene : USA og Sovjet.

I motsetning til partitoga DNA og SV tilbyr , er Fagleg
1.mai-front demokratisk. Dvs. vi kan reise våre egne krav
utan å stå inne for alle dei andre parolane. Fagleg 1.mai-
front er for folk som vil kjempe mot felles fiende - ingen
valfloskparade !

Den nye gymnaslova er største trusselen mot både lærlingar
og skuleelevar. Det nye gymnaset vil utdanne ufaglærte
arbeidarar som lett kan omskolerast og flyttast hit og dit.
Faga vert utvatna , lærlingeordninga står i fare for å
bli radert ut. Lova skal gjennomførast billegast muleg :
Staten skjer ned på rammetimetallet , stipend , lån , hybel-
bygg , lærebøker på nynorsk og samisk osv.osv.

1. mai skal me kjempe mot gymnaslova !

I år har me sett at Unge Høire vil sabotere kampen vår -
1. mai skal me slå samla og kraftig mot UH - offensiven
deira er ein ballong som snart skal spreke !

Ungdommen i Bergen må dessutan reise kravet om dagskule for
lærlingane, og jentene sitt krav om rett til arbeid og ut-
danning og rett til sjølvbestemt abort. Dessutan finns mange
lokale krav som må med i Fagleg 1.mai-front.

UNGDOM , bli med i Fagleg 1.mai-front og slåss mot felles fiende:

KAMP MOT STATEN SIN UTDANNINGSPOLITIKK !

KAMP MOT ALL REAKSJON - EINSKAP ARBEIDAR-ELEV !

KAMP MOT GYMNASLOVA TIL KAPITALEN OG DNA !

KAMP MOT 30-TIMARSVEKA !

KAMP MOT FAGRASERINGA !

KAMP FOR DAGSKULE MED FULL LØN I SKULETIDA !

Bli med og start lokal 1.mai - komite på skulen / arbeidsplassen !

Helsing leiinga for
ungdomssekksjonen i
Fagleg 1.mai-front.